



ØRSTA KOMMUNE

politisk sekretariat

Saksnr	Løpenr.	Saksansvarleg	Arkiv	Dato
2014/402	14457/2015	BARDSETH	031	18.11.2015

Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 12.11.2015, sak 96/15

KOMMUNEREFORM - OPPNEMNING AV FORHANDLINGSNEMND

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 12.11.2015

VEDTAK:

1. Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 61/15, møte 11.6.15, og har som intensjon å følge opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.
2. Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Per Are Sørheim(H) og rådmann.
3. Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.

Handsaminga (32 r.f)

Formannskapet si tilråding vart vedteken med 32 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng

Inger Johanne E. Løeng

Politisk sekretær

Utskrift til:

Dei valde i forhandlingsnemnda

Volda kommune

Referansegruppa

Arbeidstakarorganisasjonane

Sunnmøre Regionråd

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 03.11.2015

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 61/15, møte 11.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.
2. Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Per Are Sørheim(H) og rådmann.
3. Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.

Handsaminga(9 r.f.)

Inger Sandvik Sundnes(H) fremja Per Are Sørheim som medlem

Formannskapet vedtok med 9 mot 0 røyster å legge saka fram for kommunestyret i samsvar med rådmannen si tilråding med framlegg frå Inger S. Sundnes.



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Gro Anita Bårdseth

Arkivsak: 2014/402

Løpenr.: 13324/2015

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
	Ørsta formannskap	03.11.2015
	Ørsta kommunestyre	12.11.2015

Saka gjeld: **KOMMUNEREFORM - OPPNEMNING AV FORHANDLINGSNEMND**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 61/15, møte 11.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.
2. Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar,og rådmann.
3. Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.

Saksvedlegg:

1. K-sak 61/15, møte 11.6.15: Kommunereformen – Status og vidare prosess
2. Innbyggjarundersøking Volda/Ørsta, dat.1.7.15
3. Referat fellesmøte arbeidsgruppene 20.8.15
4. Referat lokal arbeidsgruppe 31.8.15
5. Referat fellesmøte arbeidsgruppene 28.9.15

Uprenta saksvedlegg:

Byregionen Volda-Ørsta: <http://www.volda.kommune.no/nyhende/arkiv/byregionen-volda-orsta.27788.aspx>

Samandrag av saka:

Kommunestyret vert bede om å oppnemne eit forhandlingsnemnd, som får til mandat å tinga vidare med Volda kommune om samanslåing av kommunane.

Saksopplysningar:

I kommunestyret 11.6.15, sak 61/15, gjorde kommunestyret slikt samrøystes vedtak, jfr. **vedlegg 1:**

- "1: Kommunestyre tek til vitande orientering i saksutgreiinga om status i prosessen.*
- 2: Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Ørsta kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune.
Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med etterhald om dette vil Ørsta kommunestyre invitere til eit samarbeid med Volda kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Volda kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.*
- 4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Ørsta der også Volda er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma."*

Volda kommunestyre gjorde i møte 18.6.15 tilsvarande vedtak.

I samsvar med punkt 4 i vedtaka vart i månadsskiftet juni/juli gjennomført innbyggjarundersøking om kva alternativ kommunen bør arbeide vidare med fram mot folkeavrøystinga. 600 personar i Volda kommune, og tilsvarande tal i Ørsta kommune, deltok i undersøkinga, som vart utført av Sentio Research.

For Volda viser undersøkinga at 11 prosent meiner kommunereform er svært viktig, 15 prosent meiner det ikkje er viktig. Fleirtalet er midt på skalaen. Undersøkinga viser vidare at 56 prosent av dei spurte meiner at kommunen bør slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar. Dette er ein indikasjon på eit relativt sikkert fleirtal for kommunesamanslåing, meiner forskarane. 34 prosent ønskjer kommunestruktur som i dag. Motstanden

mot endra kommunestruktur er størst blant dei under 30 år. Om det vert bestemt at kommunesamanslåing skal gjennomførast, er Ørsta klart førsteval for Voldingane. 88 prosent av dei spurte peikar på dette som alternativ.

I Ørsta meinar 15 prosent at spørsmål om kommunesamanslåing er svært viktig, og like mange meinar det ikkje er viktig. Haldninga til fleirtalet av dei spurte ligg midt i mellom. Nær halvparten av dei spurte i Ørsta (48 prosent) meinar Ørsta bør slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar, medan fire av ti meinar kommunestrukturen bør vere som i dag. Forskarane i Sentio held fram at tendensen i svara er ein tydige nok til å konkludere med eit sikkert fleirtal for samanslåing. Om det vert bestemt at kommunesamanslåing skal gjennomførast, er Volda soleklart alternativ for Ørsta. Heile 87 prosent av dei spurte peikar på dette. Det vert elles vist til **vedlegg 2** for nærmare detaljar om denne undersøkinga.

Det må her nemnast at Sunnmøre Regionråd alt hausten 2014 gjennomførte ei innbyggjarundersøking for heile Sunnmøre, som for Volda viste om lag same resultat som ovannemnde undersøking. Også for Ørsta sin del er det stor grad av samanfall mellom desse to undersøkingane. I 2014-undersøkinga er det prosentvis fleire som er positive til samanslåing enn i 2015, og i 2015 er det prosentvis fleire som ikkje har noka mening om kommunesamanslåing i høve 2014-undersøkinga. Regionrådet vil no i løpet av oktober gjennomføre ei ny tilsvarande undersøking, der resultatet vil verte presentert på ”Agenda Sunnmøre” den 26.11.15.

I oppfølginga av kommunestyrevedtaka frå juni har dei lokale arbeidsgruppene for kommunereforma (som er slik samansett: ordførar, varaordførar, rådmann, 2 tilsetterepr. og lokal kontaktperson) til hatt eigne møte og fellesmøte, jfr. **vedlegga 3-5**.

I fellesmøte 20.8.15 vart m.a. drøfta om det er mogleg å innhente ressursar frå Sunnmøre Regionråd (SR) til vidare prosess. Vidare vart drøfta at folkeavrøysting våren 2016 i Ørsta og Volda må haldast på same dato. Det er i denne samanheng viktig med rask avklaring på kva det skal røystast over, t.d. ja/nei til intensjonsavtale Ørsta og Volda, eller om andre spørsmål kan vera aktuelle for avrøysting. Vidare prosess må innrettast etter dette.

To framgangsmåtar i arbeid med intensjonsplan vart drøfta; utarbeide samla plan og legge fram for politisk drøfting, eller etappevis forhandling og politisk drøfting underveis. Modell med etappevis forhandling/drøfting stod på det tidspunkt fram som best.

Aktuelle målesettingar med ein intensjonsplan *kan* vere (ikkje uttømande opplisting):

- a) Alle innbyggjarane er likeverdige, intensjonskommunane går inn i ny kommune med sine plikter og verdiar som vert forvalta og vidareutvikla av eit nytt felles kommunestyret.
- b) Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å halde på og vere med på å utvikle eksisterande fylkeskommunale og statlege institusjonar der desse i dag er etablerte.
- c) Det er føresett at tenestene i den nye kommunen blir minst like gode som i dei gamle. Heile kommunereformen byggjer på føresetnaden om å levere betre tenester til innbyggjarane og samtidig ha betre kompetanse i det spesialiserte samfunnet.
- d) Å utvikle gode nærdemokratiske system og ordningar som sikrar at alle i ei større kommune får god nok demokratisk innflytelse. Ordninga med kommunalt oppnemnde grendeutval bør vidareførast.
- e) Kunne realisere større tiltak for utvikling av lokalsamfunnet som den enkelte kommune i dag ikkje greier kvar for seg.
- f) Utvikle breiare og mindre sårbare fagmiljø

I utkast til vidare prosess *kan* tema vere:

- Utfordringsbiletet
- Felles framtidvisjon –(kva vil vi oppnå som ein kommune?)
- Verdiar og grunnleggjande prinsipp i prosessen som *ein* kommune
- Felles interesser (t.d tenesteperspektivet, servicefunksjonar i den enkelte kommune, bygdene, demokratiske omsyn, felles satsingsområde/investeringsprosjekt dei første 4 åra etter samanslåing mv)
- Særinteresser – (og korleis løyse desse ut frå overordna prinsipp)

I fellesmøtet 28.9.15 vart det klart at Sunnmøre Regionråd kan stille som prosessrettleiar for den vidare prosess, og dei har avklara dette med Fylkesmannen, som vil stille støttande opp. Fylkesmannen har i e-post av 20.10.15 orientert om at Ørsta kommune er innvilga kr. 100 000 i skjønsmidlar til arbeid med kommunereforma, tilsvarande beløp er innvilga for Volda. Brev som stadfestar innvilginga og forventingar til beløpet er undervegs.

Det var vidare i møtet semje om at det i den vidare prosess bør veljast ei forhandlingsnemnd i kvar kommune. Denne nemnda bør bestå av politikarar (både posisjon og opposisjon) og rådmann. Erfaringar frå kommunesamanslåingsprosessar tilseier at det er tenleg at nemnda har 4 medlemmer frå kvar kommune for ikkje å verte for stor.

Noverande arbeidsgrupper for kommunereforma vert då referansegruppe for forhandlingsnemndene. Desse referansegruppene må haldast fortløpende orientert, sameleis formannskapa.

I kommunestyra sine vedtak frå juni er det skissert ein framdriftsplan. Der det er føresett at etter at kommunestyrevalet er gjennomført, skal det nye kommunestyret gi nærmare mandat for den vidare prosess, herunder oppnemne slik forhandlingsnemnd som nemnt ovanfor, og at det i perioden desember 2015- april 2016 skal utarbeidast intensjonsplan.

Vurdering og konklusjon:

Etter at kommunestyrevalet no er gjennomført, og det i begge kommunane ser ut til at det blir skifte i den politiske leiinga, har arbeidsgruppene for kommunereforma i fellesmøtet 28.9.15 rådd til at arbeidsgruppene med ny politisk deltaking held møte 5.11.15. Det vert vidare lagt opp til at kommunestyra pr. 1.12.15 oppnemner kvar si forhandlingsnemnd, og gjer vedtak om nærmare mandat for den vidare prosess.

Det er i kommunestylesaka 11.6.15 skissert kva ein intensjonsplan kan innehalde, t.d.

- Kva ein vil oppnå med kommunesamanslåinga (hovudmål og delmål)
- Om det t.d. er konkrete prosjekt ein vil bruke reforma til å lyfte i lag
- Kvar kommunesenteret skal vere og fordeling av lokalisering av ulike kommunale funksjonar
- Korleis lokalsamfunnet kan styrkast
- Korleis kommunale tenestefunksjonar kan styrkast
- Korleis tilsette skal informerast og involverast i prosessen
- Korleis innbyggjarane skal informerast og involverast
- Ev. avklaring av kommunenamn og kommunevåpen
- Framdriftsplan for gjennomføring av samanslåing
- m.m.

Det er greitt å kunne ha dette som utgangspunkt i den vidare prosess, der det no ser ut til at kommunane får hjelp frå Sunnmøre Regionråd, som kan stille med prosessleiing. Det er såleis viktig at kommunestyra no oppnemner forhandlingsnemnden, der mandatet blir å følgje opp intensjonane og framdriftsplana i kommunestyra sine vedtak frå 11.6/18.6.15.

Forhandlingsnemndene si oppgåve vil då m.a. vere å gå inn i "dei vanskelege sakene" og ikkje minst få løfta fram potensialet for kva ein kan få til i ei ny kommune. Det vert i denne samanheng vist til Møreforsking sin rapport om "Byregionen Volda-Ørsta", der det i konklusjonen m.a. går fram at *"Vi trur at det løner seg å tenke stort; Volda-Ørsta bør sjå si rolle i ein større regional samanheng, og ikkje la føringane i byregionprogrammet avgrense perspektivet på kva strategiar ein legg for framtida."*

Likestillingsmessige sider ved saka: Omtala i tidlegare saker.

Konsekvensar for folkehelsa: Nei.


Miljøkonsekvensar: Nei.

Økonomiske konsekvensar: Omtala i tidlegare saker.

Beredskapsmessige konsekvensar: Omtala i tidlegare saker.

Konsekvensar for barn og unge: Nei.

Ørsta, 27.10.2015



Wenche Solheim

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei valde i forhandlingsnemnda

Volda kommune

Referansegruppa

Arbeidstakarorganisasjonane

Sunnmøre Regionråd

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

